



Seljord kommune

Rådmannen

Arkivkode: A20

Sakshand.: Oddvar Hallaråker

Dir.tlf.: 35065105

Vår ref.: 2007/192 - 2

Dato: 10.12.2007

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Høring om forslag til endringer i Opplæringslova

Vi viser til høyringskriv av 12.10.07 frå Kunnskapsdepartementet, om forslag til endringer i opplæringslova og privatskulelova, samt til tilhøyrande høyringsnotat.

Formannskapet i Seljord kommune behandla høyringa i sak 08/07, i møte 5. desember 2007, og fatta samrøystes vedtak om følgjande høyringsuttale:

"Lovreguleringane om tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Då gjeldande opplæringslov vart utarbeidd, vart retten til tilpassa opplæring tatt inn i formålsparagrafen i lova. Grunngevinga for dette var at tilpassa opplæring skulle vere eit overordna prinsipp for all opplæring.

Prinsippet om at *"opplæringa skulle tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidat"* skulle gjelde for all opplæring, både ordinær undervisning og spesialundervisning.

Prinsippet om tilpassa opplæring skulle i like stor grad vere gjeldande for dei flinke elevane som for dei svake elevane.

Det vart understreka i samband med at prinsippet om tilpassa opplæring vart tatt inn i formålsparagrafen, at det var ei auka vektlegging av tilpassa opplæring både formelt og reelt.

Når no departementet gjer framlegg om å ta formuleringa om tilpassa opplæring ut av formålsparagrafen, kan ein på bakgrunn i det som vart sagt i samband med utarbeiding av lova, at dette vil vere ei svekking av prinsippet om tilpassa opplæring.

Når departementet i tillegg gjer framlegg om å innarbeide kravet om tilpassa opplæring i kapittel 5 i lova som gjeld spesialundervisning, så vil det vere å endre føresetnaden om at tilpassa opplæring skal vere eit overordna prinsipp som gjeld for alle elevar.

For mange vil ei slik omarbeiding bli oppfatta slik at tilpassa opplæring blir endra frå å vere eit prinsipp som gjeld for alle, til å vere krav som primært er gjeldande for den delen av elevflokket som har behov for ekstra støttetiltak, sjølv om dei ikkje har rett til spesialundervisning.

Seljord kommune er heilt usamd med at tilpassa opplæring blir tatt ut av formålsparagrafen som eit overordna prinsipp som gjeld alle elevar.

Dersom denne endringa likevel skulle bli gjort, tilrår Seljord kommune at tilpassa opplæring blir innarbeidd i lova utan å bli knytt saman med retten til spesialundervisning.

Krav til sakkunnig vurdering som grunnlag for enkeltvedtak om spesialundervisning

Seljord kommune går mot forslaget om at det ikkje lenger skal vere ein føresetnad om sakkunnig vurdering, før det blir fatta enkeltvedtak om spesialundervisning.

Den sakkunnige vurderinga vil vere ei kvalitetssikring av innhaldet i spesialundervisninga og av grunnlaget for enkeltvedtaket om spesialundervisning.

Dette er svært viktig når ein for elevar som får enkeltvedtak om spesialundervisning, gjer unnatak frå delar av dei læreplanane som gjeld for andre elevar.

Mandatet til foreldreutvalet i grunnskulen

Seljord kommune støttar forslaget om at Foreldreutvalet i grunnskulen blir utvida til også å omfatte første året i vidaregåande opplæring.

Ein kan faktisk stille spørsmålet om ikkje utvalet sitt mandat burde utvidast til å gjelde alle åra i vidaregåande opplæring.

I tillegg til den grunngeving som departementet gjer for forslaget om å styrke skuleheimsamarbeidet, så vil ei slik endring vere ei styrking av dei 13-årige skuleløpet, og ikkje minst overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring.

Lovfesting av skuleeigar si plikt til å ha frukt- og grønsaksordning i grunnskulen

Seljord kommune er positiv til regjeringa sitt mål om at barn og unge skal ha gode kostvanar som fremmar eit godt læringsutbytte i skulen.

Når det derimot gjeld forslaget om lovfesting av retten til frukt og grønsaker i grunnskulen, så meiner ein at dette er ei ordning som så langt ikkje er godt nok utgreia.

Ikkje minst så treng ein meir kunnskap om dei økonomiske og administrative konsekvensane. I tillegg til kostnadane som omfattar innkjøp av frukt og grønsaker, må ein også ta med kostnadane ved administrering av ordninga.

Ein kan ikkje sjå at desse så langt er tatt med i overføringa frå staten.

Det er også noko uklart i høyringsnotatet om ordninga skal gjelde for alle skular, eller vere ei vidareføring av den ordninga ein har i dag for ungdomsskular og kombinerte skular.

Seljord kommune meiner på denne bakgrunn at før ordninga med frukt og grønsaker blir lovfesta, bør konsekvensane utgreiast nærare.

Det må i alle høve vere ein klar føresetnad at ei slik ordning skal gjelde alle elevar i grunnskulen.”

Med vennleg helsing

Oddvar Hallaråker
Kommunalsjef

Kopi: Fylkesmannen i Telemark, barnehage- og utdanningsavdelinga.
KS, v/ Eva Lian.
KS Telemark v /Arnfinn Dahl.